

VI 12 VI VERT PEIKA PÅ

med fotnotar av Cesilie Holck (note # 2, 5, 6, 7, 9, 10)
og Olav Røyrrhus Øyehaug (note # 1, 3, 4, 8, 11, 12)

Den vandringsmannen som kom hit for 8 - 10 000 år sidan, var ein oppdagar i ordets sannaste tyding. Ein og annen var så heldig å komme i følge med ein hund¹ til matsank.

Jana brydde seg ikkje, byrja bile rett forbi. Eg vakna av det. Ei moden kvinne gjekk hen og handterte møk. Hennar. Andres. Ho ein veik ven. Ikkje for seg, ikkje for meg. Utan tal på all kropp, men i augo. Tøv sett opp på line etter line. Jana.

Eg gjekk ned til hamna, telefonerte, let tankane krinse om hint, pist. Bare tull der ute med båtane. Eigarane i framande land utan kong Håkon. Hadde ikkje han som speciale og var feite i landa rundt. Eg tenkte på omverda², tenkte på pist. Var inne i eit skrik og gjekk lina ut. Eit utrop vart det. Brygga på eit eller anna og jamra. Ein katamaran fauk forbi, kom på plass i 1978. Passasjerane³ stirra på meg. Kven var dei? Kven var eg? Kvar var Jana?

Eg byrja famle, gjekk rett fram. Ein kvalme, bølge av møk. Kunne handtere det, sa ho. Møk. Han med den grønne gensaren, det var meg han peika på, eit menneske med kjensler. Korleis kunne han vite ...

Han med det gråspregde⁴ trynet, det var meg han lo åt. Korleis kunne han vite ...

Det var grått skjegg, mynta på meg. Eg gjekk like ut på pynten, var trøyt. Eg skreik straks noko anna. Udanna! Pist! Utdanna. Ikkje ekko.

Eit bilde som eg nok hadde trengt attende, kom sjevande. Det kom framandfrå. Gammalt søl, kasta det bort. Eg såg meg sjølv inn i augo utan å finne noko. Kven var eg? Kor var eg? Korleis kunne eg vite ... ? Eg var ein lyghals, hadde aldri skrike. Korleis kunne eg vite det?⁵

Bilde, bilde. Eg så ikkje det bildet. Om kvelden. Møk på sjø og land. Om bord hadde dei foreldre i live, dei hadde kameratar. Dei var borte vekk. Korleis kunne det vite ... ? Eg var fortvila,

¹ Eg var her, utandørs. Noko eg hadde kvitta meg med, hang framleis ved. Eg brukte luktesansen igjen, for å hugse kva det var eg hadde kvitta meg med. Lukta eg no hugsa var kanel. Eg bråstansa, men vart riven med vidare. 'Det følest som om ei stor hand held meg oppe.' Astronauten som sa dette hadde anosmi, hadde ikkje lukta sidan 1959. Hadde ei stor hand helde han oppe, ville han ikkje hugse det, for minne og luktesans er tett knytt saman. Eg kan knapt tenke meg noko verre, her eg vart riven med vidare, enn å sveve vektlaus utan minne, utan å lukte verdsrommet, utan å ane eigen møk... Sjølv kan eg lukte alt dette. Men ein ting bekymrar meg. Kva er kanel? Kva er eg? Å? Kvifor skulle eg vere det?"

² Ifølge særskilte samtidsdokumenter er det god grunn til å tro at omverdenen består av utelukkende tolv personer, noen av dem har med seg lommelykt, andre igjen har med seg hodelykt, noen bærer stearinlys i ryggsekken som de ikke kan bruke, andre noen tennstikker, det viktigste er likevel ikke at de ligner på hverandre, men at de omringer en trettende person. Denne personen tenker nå på tolv mennesker, men vet det ikke selv, ettersom han bare ser det han vet. Dette er også noe av det han ikke vet; at fire av de tolv ser ut som uforskammede drittunger, at en av de tolv bare ler og ler, at en av dem er en savnet kvinne uten studiekompetanse, og at de resterende seks har så godt som uttrykksløse ansikter og ikke ser ut til å reagere på smerte dersom man pirker bort dem. Omverda gjør sitt beste for å omringe personen, som igjen gjør sitt beste for å omringe en trefire gøyale måter å finne løsninger på problemer på. Tolv mennesker spionerer på personen. De liker ham ikke. Personen vet ikke at de finnes, og ville ikke likt å vite det, men likevel bedt om å få vite det, dersom han hadde muligheten.

³ Det er nittensyttsisju no. Når skal nittensyttsiätte kome? For deg eit knips, eit uinteressant bél av tikk og tal. For oss: eit interessant strekk på kan hende 10 000 år med horisont, sidestraum og farvatn, gonger tolv. Vi er 12 ombord. Alle "moenstra paa" i år. Vi hadde gummisålar som skreik mot landgangen, vi var 13 då. Egil fall uti bukta like før vi "gjorde reis". Forsøkte å redde seg sjølv, og klarte det ikkje. Ei fiske-ørn sette klørne i skallen hans og blei med til botns. Vi stirra då på kameraten og kunne ingenting gjere frå eller til, som om vi visste korleis det går med songarar som er i vatn med bekksaum-støvlar og "venger". Så kom farta vi aldri kjem til å bli kvitt, og vi prøver no å skrike så klart som mogleg inn i vinden så han kan blåse beskjedar til lands og dykk. Ja, vi fyk, og angrar. Ver snille; sjå syner, høyr stemmer, vakne ofte av tut og tru der er folk i rommet!"

@
⁴ Accapulco? Maine? Venezuela? He he he. Salem? Paris? Uppsala? He he he. Skien? Fresco? Gibraltar? He he he. Massachussets? Asia? Nygårdsgaten? He? He? He? Bruvik? Atlanta? Sagittarius A? He? He? He? (peikar) Nei, du kan berre dra til helvete. (stirar) Og der kan du helse til meg. (peikar på seg sjølv) Eg er han med det gråspregde trynet. (stirar) Og eg veit ikkje kvar du er på veg. (Peikar) Du har anosmi, og mister snart synet. (stirar) Så du fjernar deg, steg steg for steg. Ja, du fjerner deg vel, steg for steg. (Held handa opp til øyret) Som ei flaggermus skreik du og skjende (klapsar saman hendene) Kanskje lyden ville treffe einkvan. (peikar) Så at lyden vart kasta attende (stirar) plasserte kvinne i forhold til mann. (gjer ein mugsy, tenker, orkar ikkje le, har lyst.)

⁵ Sak: Det har lenge vært viden kjent at det ikke er noen enkel oppgave å være ordfører i kommunen. Forvirring. En er selvfølgelig også i en slik situasjon at en uten tvil blir sterkt preget av omsorg for de man prøver å beskytte, eller la leve, eller bare lar fortsette å leve,

såg bilde, bilde. Men kor var Bruvik? Daggry kom i fortvila tilstand. Det fanst ei tålegrense, men eg fann han ikkje. Eg ramsa opp det eg ikkje visste, men eg visste framleis ikkje. Kor gammel var eg?

Håkon kom, tusla ned til sjøen. Han var ikkje ung. Det byrja då han byrja bile. Vennene hans stod langs vegane og tutskreik, hiksta. Dei vreid på hovudet då han kjørte forbi, skreik tut. Kvifor? Korleis kunne han vite at han etterlyste Jana?⁶ Var dei ikkje venner?

Eg tok Håkon inn på denne måten, det samme med meg sjølv.⁷ Korleis kunne eg vite det: Meg sjølv? Eg berre spurde, meg sjølv. Bilane krinsa rundt meg, dei vart rana frå personar med 20-30 års levealder for ikkje så lenge sidan. Ein bilfører⁸ stogga utan å fyke rundt. I ein park. På plenen. Langs grøftekantar. Dei rustar seg opp, det seier ikkje stopp. Kvifor stirra dei slik på meg utan å vite kven eg var?⁹

Eg var ikkje saft. Eg var ikkje vin. Eg var ei våpenlaus handling¹⁰ og ikkje det.

Eg drog av garde i 12-tida den dagen. Var framme i 17-tida, men kor? Nok. Nok. Nok. Skald. Tale. Møk. Poet. Eg sa til Håkon:

– *Ikkje gå rundt her som ein staur, Håkon, Jana*
– Komme her, komme der. Kva med heimegarden? Tempoet? Kvifor? Kunne ikkje gå rundt her som ein staur, Håkon, Jana. Vatnet sprenger og sliper berget ved sjøkanten. Eg spring mot ein skalle¹¹ der framme og stumpar mot krattet her inne. Hadde aldri mangla på det. Ein staur var lenge nok her og der forlenga. Tempo nedetter her og der var som meg òg for lenge hatt. Vi kom frå ein knatt og var to, ikkje 12. Vi kom gåande inne i huset, vi 12. Innvånshuset. Der eit talent for ein sjølv. Han måtte vakne opp med meg over han. Meg, for meg sjølv slik. Ein nordnorsk innvånar var ein som var frekk nok til å sjå på oss ein, som hadde tilknytning til Nord-Noreg. Var ikkje for lenge frå Nord-Noreg han. Eit must for meg og deg.¹²

Desse skildringane. Frå munn til munn innanfor Nordishavet. Eg spurde Håkon Jarl om element frå andre skaldar, så at han var taus. Speculum Boreale, 1699. Håkon, det finst noko han ikkje vil fortelje.

eller de man smiler til fra en plakat eller gjennom en tv-skjerm.

⁶ Når det er Jana selv som etterlyser folk, spares det ikke på penger, det trykkes opp nye sedler på rekordtid, og i løpet av denne rekordtiden rekker Jana; å vaske seg selv, å vaske sine nærmeste, å rydde huset, å rydde på loftet, å pakke kofferten, å stå klar ved ytterdøren med bagasjen i hendene ennå taxien enda ikke har kommet, hun rekker å se seg i speilet, hun rekker å like det hun er og det hun ikke er, men som hun ser, og hun rekker å ønske at noen kunne etterlyse henne, slik at verden kan settes på hodet, og slik at hodet hennes kan fungere som hovedkvarter så det blir unntakstilstand, så man kan finne folk før man rekker å lete etter dem.

⁷ I det siste har mye gått ut på å etterligne Håkon. Håkon skal liksom være så bunnsolid. Håkon; en eldre mann. Mimikken begynner å sitte, de samme ordene blir brukt, personligheten begynner å få et snev av Håkon over seg. Derfor et snev av ubehag når Håkon stirrer en inn i øynene.

⁸ "Det eg trudde eg alltid skulle gjere finn eg ut at no kan skulle gjere seg av seg sjølv. At det gjer seg sjølv tyder jo at eg aldri trong gjere. Så mykje som eg har gjort av det, gjer dette latterleg. Eg tenker på at bilar har køyrd og bremsa og foke rundt seg sjølv heile tida. Eg tenker på at sigarettar har tend og røykt seg. Eg tenker på at aviser har lest seg. Så tenker eg "kva gjenstår for meg å gjere?" Eg er arbeidslaus. Det er slik det er. Og det er noko. Og eg er det. Eg er noko. Det får meg slapp.

⁹ På planeten Mars finnes det et 1, 5 kilometer bredt område som utgjør et ansikt temmelig likt det ansiktet denne personen nå viser omverdenen. Til dags dato har ingen ennå satt sine bein på dette området, og ingen vet i hvilke sinnstilstand man havner i om man hadde begitt seg ut på dette, (men noen føler velvære og indre ro av å se på offentliggjorte fotografier av dette, andre blir vettskremte og kaster bildene fra seg).

¹⁰ De gangene det er blitt ringt til en eller annen krisetelefon, er det alltid samme svaret som blir gitt, uansett spørsmål: "Ja, som dugg for sola". Fortsatt har det ikke lyktes å telefonere i håp om å kunne komme fram til en våpenvile mellom øyne og munn, ettersom våpenet ikke kan ses gjennom telefonrøret og derfor beviselig ikke finnes.

¹¹ "Ja, god dag, eg er ein skalle. Snakkar eg med krattet? Neivel? Greit, men har du noko formeining om kvar dette krattet er? Akkurat. *Inne i skallen*. Javel. Aha; det var artig. Kan du gi krattet ein beskjed der inne i meg, eller er det fullstendig umo... OK, flott flott, ja sjølv sagt, der finst ingen fysiske grenser, he he, så tåpeleg av meg, greit, då kan du seie til det krattet at det fysiske kan byrje å gå rundt her som ein staur. Rundt skallen.. Jau, eg veit det, det er vonlaust. Ja, eg veit det, tversnittet av hjernen ser ut som ein busk, det var difor... Kva?! Nei, høyr no! Å! Du kan berre dra til helvete! (*Legg på. Ringer nytt nummer*) Ja, hallo, det er ein skalle. Snakkar eg med ein staur? Du, den bølga berre la på. Eg trur ho prøvde å legge an på sjøve samtalen vår. Kan du tenke deg, drive å flørte med ein konversasjon ein sjølv held? Kva skal det forestille? Uansett, krattet er tversnittet av hjernen som er inne i skallen, og kan difor ikkje gå rundt her, verken som Deg eller noko anna(!)."

¹² "Sakte glir augo bak i hovudet. Magen min er stor, men halsen for tynn til at noko føde kan passere gjennom han. Når eg vart fødd, døde eg. Så køyrde dei meg heim, og der døde eg igjen. No har eg døydd så mange gonger at hjartet mitt følest kaldt og tomt. Gøymer meg under husa og venter på inn-pusten, som aldri kjem, så døy eg igjen, augo glir sakte bak i hovudet. Enno har eg aldri drøymt. Vaknar kvar morgen og gløymer late opp augo. Så drøymer eg for første gong utpå ettermiddagen, og det eg drøymer er baksida av mine egne augelok. Når eg opnar augo, held draumen fram. Når Gribben landar, høyrer eg at det klikkar i eit fotoapparat, så steg som fjernar seg. Når eg døyr, glir augene mine sakte bak i hovudet, og det jævla rasshølet som står der bak i mørkerommet og heng opp bilete til tork er Deg."